



**FJALER KOMMUNE**  
**Ordfører**

Sogn og Fjordane Fylkeskommune  
Askedalen

6863 LEIKANGER

**Vår ref.**  
06/776-11/AHE  
15/7261

**Dykkar ref.**

**Arkiv**  
K2-N40

**Dato:**  
10.09.2015

**Uttale til NTP 2018-27 - Framtidig lufthamnstruktur**


Vi viser til vedlagde uttale frå Interesseutvalet for Førde Lufthamn, Bringeland.

Fjaler kommune støttar fullt ut uttalen og meiner den ivaretek våre interesser i denne saka.

Med helsing

**Arve Helle**  
ordfører

Direkte tlf: 91737562



Interesseutvalet for Førde lufthamn, Bringeland:

## Uttale til NTP 2018-2027 - Framtidig lufthamnstruktur

***“Øvrige lufthavner vil få svært store passasjerulempen i forhold til statlige innsparinger ved nedleggelse.”***

Dette var konklusjonen til Avinor i rapporten **Lufthavnstruktur**, datert 20. mai 2015. Ein av flyplassane i **“Øvrige lufthavner”** er Førde lufthamn, Bringeland.

Konklusjonen i rapporten er heilt i tråd med det 9 kommunar i Sogn og Sunnfjord har sagt og dokumentert tidlegare.

**Førde lufthamn er særdeles viktig for heile regionen i dag og i framtida.**

### Avgjerande for næringslivet

Førde lufthamn, Bringeland, ligg midt i Sunnfjord, eit av få vekstområde i Sogn og Fjordane. Flyplassen har i dag 84 000 passasjerar årleg, og er særleg viktig for næringslivet i kommunane Balestrand, Høyanger, Hyllestad, Fjaler, Gaular, Askvoll, Førde, Naustdal og Jølster.

Avstanden til flyplassen er kort. Det betyr at avstanden til Oslo og Bergen og vidare ut i verda også er kort. Derfor er det mogeleg å drive større selskap frå Sogn og Fjordane med hovudadministrasjonen i fylket.

Eit av desse selskapa er Enoro i Dale i Sunnfjord. Enoro har 130 tilsette i Norge, og 280 tilsette i Norden og Europa. Hovudadministrasjonen ligg i Fjaler kommune, og selskapet er storbrukarar av Førde lufthamn, Bringeland.

## Reiseoversikt Enoro AS:

- **2014:** 750 reiser til/frå Bringeland – Oslo Lufthamn
- **2015:** Estimert til ca. 1 000 reiser til/frå Bringeland – Oslo Lufthamn

For Enoro vil ei nedlegging av Førde lufthamn ha alvorlege konsekvensar. Hovudadministrasjonen vil bli flytta til meir sentrale strok av landet, eller ut i verda.

Også andre selskap i regionen har sagt at ei nedlegging av flyplassen på Bringeland vil få negative konsekvensar. Fleire av selskapa er nøkkelbedrifter i sine kommunar, og avhengige av kort avstand til flyplassen. Ikkje minst fordi det i dag er eit fokus på dagsturar. Hydro i Høyanger er eit av selskapa som kvar veke har kundar eller nøkkeltilsette i konsernet på besøk på dagsturar til/frå Oslo. Då er avstanden til flyplassen avgjerande.

## Store offentlege verksemder

Flyplassen på Bringeland betyr også mykje for offentlege verksemder og det lokale reiselivet.

- NVE sitt distriktskontor for Vestlandet ligg i Førde.
- Helse Førde har hovudadministrasjonen og den største sjukehusavdelinga i Førde.
- Lotteri- og stiftingstilsynet har hovudkontoret i Førde, og direktør Atle Hamar seier det slik:
- 

***“Bringeland er viktig for oss fordi den dempar ulempene ved å vere eit statleg tilsyn plassert langt frå Oslo. Våre tilsette brukar flyplassen i jobben kvar veke og nyt godt av rask og effektiv kommunikasjon. Kortast mogeleg reisetid dempar ulempene ved å reise og gir meir motiverte tilsette.”***

***“Vi reiser primært tur/retur Førde-Oslo, og vi har besøk frå resten av landet, men primært Oslo, kvar veke. Desse brukargruppene forventar rask og effektiv kommunikasjon.”***

## Avhengige av flyplassen

Interesseutvalet for Førde lufthamn har dokumentert at næringslivet i alle kommunane er avhengige av Førde lufthamn. Rapporten er sendt til Avinor i forkant av arbeidet med rapporten **Lufthavnstruktur**.

Rapporten vår dokumenterer at flyplassen har stor samfunnsnytte for regionen Sunnfjord og Sogn. Også i rapporten til Avinor kjem det tydeleg fram at dei lokale flyplassane er viktige for samfunnet, særskilt næringslivet, side 5 i Lufthavnstruktur:

***“Tilgang til effektive reiser er viktig for lokalsamfunnene og i mange tilfeller finnes det ikke alternativer til flyet på grunn av lange avstander og/eller manglende fremkommelighet grunnet vær- og kjøreforhold.”***

Avinor-rapporten slår også fast at andre transportmiddel ikkje er aktuelle for næringslivet i vår regionen, side 12 i Lufthavnstruktur:

***“Reisetid til Oslo med andre transportmidler har bare relevans for Sør-Norge. Fra Røros tar det 5 timer med tog til Oslo S. Total reisetid fra Røros med fly fra Trondheim vil ta 4:30 hvis man kjører bil fra Røros til Værnes. Fra Sogndal tar det 6:35 med ekspressbuss til Oslo og fra Førde 8:25.”***

For næringslivet i vår region, offentlege verksemdar og andre brukarar er Førde lufthamn det beste alternativet for å kome seg raskt til storbyane, og vidare ut i verda. Då er vi avhengige av eit godt rutetilbod og god regularitet.

Særleg viktig er flyrutene tidleg om morgonen og seint på kvelden til/frå Oslo og Bergen. Derfor har vi også fokus på FOT-anbodet. Erfaringa har vist at eit godt rutetilbod generer stabilt høge passasjertal frå ein aktiv region med mange selskap, fleire storbrukarar.

## Auka reisetid og nye vegsamband

I rapporten til Avinor er det gjort fleire utrekningar om reisetida til næraste flyplass dersom ein flyplass blir lagt ned. På side 10 i Lufthavnstruktur står følgande:

***“Figur 2 viser reiseavstand til nærmeste lufthavn og økningen i kjøretid dersom passasjeren kjører til neste lufthavn. Det er Sandane, Førde, Florø, Vadsø og Vardø som får minst tillegg i kjøretid.”***

Sogn og Fjordane har i dag fire flyplassar i Florø, Førde, Sandane og Sogndal. For dei reisande i Førde og Naustdal vil ei nedlegging av Førde lufthamn bety at vi må reise ein time ekstra til Flora lufthamn. Det som ikkje kjem tydeleg fram i rapporten er at Førde lufthamn er minst like viktig for næringslivet og andre brukarar i kommunane Balestrand, Høyanger, Hyllestad, Fjaler, Askvoll og Gaular. For dei vil ei nedlegging bety vesentleg lengre reiseavstand til næraste flyplass på utsette vegstrekningar. Særleg om vinteren.

Vegen mellom Askvoll og Førde er til dømes mellom dei mest rasutsette på Vestlandet. Om vinteren er den stengt nesten kvar veke. Vegane frå Bringeland til Fjaler, Hyllestad og andre område er smale og krevande på vinterstid. Dette må vektleggast i reknestykket over auka reisetid.

## Meirkostnader ved nedlegging

Fokus på kostnader er viktig for næringslivet. Ein til to timar ekstra i bil for å kome til næraste flyplass vil bety vesentleg meirkostnader, og tapte inntekter.

Enoro i Dale i Sunnfjord vil i år gjennomføre ca 1000 reiser via Førde lufthamn. Reknestykket er enkelt, ei nedlegging av flyplassen vil bety innsparing for Avinor,

ekstrakostnader for Enoro og andre selskap som betyr særdeles mykje for eit utkantfylke som Sogn og Fjordane.

På side 18 i rapporten til Avinor, blir også dette vektlagt:

#### **“10.1 Primæroppgaven**

**Det høye antallet lufthavner skal sikre det politiske målet om spredt bosetting og et vitalt næringsliv i distriktene. For at næringslivet i distriktene skal være konkurransedyktig er gode kommunikasjoner viktig. For arbeidsreiser er det viktig at de kan gjennomføres på tider som gir muligheter for å skape effektive arbeidsdager. På de minste lufthavnene vil det være tilstrekkelig med 2 – 4 avganger pr dag for å dekke behovet for arbeidsreiser. For å gjøre det attraktivt å bo og arbeide i distriktene er også tilgang til privatreiser med fly av betydning.”**

Interesseutvalet for Førde lufthamn har også dokumentert at næringslivet i kommunane Balestrand, Høyanger, Hyllestad, Fjaler, Gaular og Askvoll ikkje vurderer Flora lufthamn som næraste flyplass dersom Førde lufthamn blir lagt ned. Storparten vil reise til Bergen lufthamn, Flesland, dersom Førde blir lagt ned.

## Oppsummert

Førde lufthamn ligg sentralt plassert midt i vår region og har avgjerande betydning for næringslivet, offentlege verksemder og andre storbrukarar. Ei nedlegging av Førde lufthamn vil få alvorlege negative konsekvensar for næringslivet.

Avinor har gjennom sitt arbeid med rapporten **Lufthavnstruktur**, datert 20. mai 2015, dokumentert samfunnsnyttan til Førde lufthamn, Bringeland.

Flyplassen spelar ei nøkkelrolle i dagens samfunn og ikkje minst i utviklinga av ein region som har store ambisjonar om å vekse.

**8. september 2015,  
Interesseutvalet for Førde lufthamn, Bringeland**

Mathias Råheim  
-sign-

ordførar/Gaular kommune  
kommune

Olve Grotle  
-sign-

ordførar/Førde kommune

Håkon Myrvang  
-sign-

ordførar/Naustdal

Oddmund Klakegg  
-sign-

ordfører/Jølster kommune  
kommune

Arve Helle  
-sign-

ordfører/Fjaler kommune

Harald N. Offerdal  
-sign-

ordfører/Balestrand

Petter Sortland  
-sign-

ordfører/Høyanger kommune  
kommune

Jan Olav Gjerde  
-sign-

ordfører/Hyllestad kommune

Frida Melvær  
-sign-

ordfører/Askvoll